



# DELÅRSRAPPORT

## 1. kvartal 2023

Voss, 9. mai 2023

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Postboks 10, 5701 Voss

Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47

[www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no)

E-post: [post@vekselbanken.no](mailto:post@vekselbanken.no)

# DELÅRSRAPPORT 1. KVARTAL 2023

## GENERELT

Rekneskapen er utarbeidd etter IFRS (International Financial Reporting Standards).

Banken har utarbeida konsernrekneskap og konsolidert inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eigd 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS. Aktiv Voss AS fekk konsesjon for eigedomsmekling 8.9.2022, og opna Aktiv eigedomsmeklar kontor på Voss i Skulegata 2 den 29.10.2022.

## RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før tap for utgangen av 1. kvartal på 20,0 mill. kr. Dette er ein auke på 8,2 mill. kr i høve til same periode i 2022. Resultat av ordinær drift før skatt er 18,7 mill. kr mot 11,0 mill. kr i 2022. Resultat etter skatt er 14,1 mill. kr mot 8,3 mill. kr i 2022.

Totalresultat pr. utgangen av 1. kvartal 2023 er 13,3 mill. kr mot 11,9 mill. kr for same periode i fjor.

Banken har ei framleis positiv utvikling i basisdrifta. Eigenkapitalavkastninga etter skatt og med eigenkapitalen justert for hybridkapital er 8,2 % pr. utgangen av 1. kvartal i år mot 5,4 % for tilsvarende periode i fjor. Styrkinga kjem av god underliggjande drift, utlånsvekst og god vekst i andre inntekter.

## RENTENETTO

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter ved utgangen av 1. kvartal er bokført til 30,3 mill. kr. Dette er ein auke på 5,5 mill. kr frå same periode i 2022. Dette skuldast både volumvekst og auke i rentemarginen. Rentemarginen, definert som netto renteinntekter i prosent av rådveldekapital, er ved utgangen av 4. kvartal 2,09 % (1,77 %).

## ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Ved utgangen av 1. kvartal bokfører banken akkumulert netto andre driftsinntekter på 7,2 mill. kr. Dette er ein auke på 6,1 mill. kr samanlikna med same periode i fjor. Netto provisjonsinntekter aukar med 0,4 mill. kr i høve til 2022, medan utbytte og netto verdiendring på finansielle instrument har auka med 4,6 mill. kr.

## DRIFTSKOSTNADER

Banken sine driftskostnader er ved utgangen av 1. kvartal bokført til 17,5 mill. kr mot 14,1 mill. kr i fjor. Løn og andre personalkostnader har auka med 1,5 mill. kr i høve til 2022, medan andre driftskostnader har auka med 2,0 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak auka IKT kostnader, og det er ført ekstraordinære eingongskostnader i samband med byte av datasentral pr. 1. kvartal på 0,85 mill. kr. Avskrivningane er på same nivå som i 2022.

## TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

Ved utgangen av 1. kvartal har banken netto kostnadsført tap og nedskrivningar på utlån med 1,2 mill. kr mot 0,8 mill. kr i fjor. For nærare spesifikasjon, sjå note 2 og 3.

Banken har vidareført dei ekstraordinære bransjevise nedskrivningane knytt til auka usikkerheit med kraftig inflasjons- og renteauke og krigen i Ukraina på 4,1 mill. kr. i 1. kvartal 2023. Dette grunna framleis usikkerheit kring den økonomiske utviklinga på lengre sikt.

## RÅDVELDEKAPITAL

Banken sin samla forretningskapital inklusive lån overført til Eika Boligkreditt er ved utgangen av 1. kvartal er 6.481 mill. kr. Dette er ein auke på 380 mill. kr (+6,2 %) siste året. Rådveldekapitalen på eiga bok er 5.905 mill. kr. ved utgangen av 1. kvartal.

## INNSKOT

Innskot frå kundar er ved utgangen av 1. kvartal på 4.096 mill. kr. Dette er ein auke på 138 mill. kr (+3,5 %) siste 12 månader. Innskotsdekninga ved utgangen av 1. kvartal er 80,7 % mot 79,5 % på same tidspunkt i fjor.

Innskota isolert for 1. kvartal har auka med 21,4 mill. kr.

## UTLÅN

Banken har ved utgangen av 1. kvartal i år hatt ein auke i utlåna siste året, inklusive lån i Eika Boligkreditt (EBK), på 214 mill. kr (+3,9 %). Utlånsauken til privatkundar er 200 mill. kr (+4,5 %), medan auken til næringskundar er 14 mill. kr (+1,4 %). Brutto utlån inklusive lån til EBK er ved utgangen av 1. kvartal 5.652 mill. kr (5.438 i 4. kvartal 2021).

Brutto utlån til kundar eksklusive lån overført til EBK er 5.075 mill. kr mot 4.977 mill. kr ved utgangen av 1. kvartal 2022. Av samla utlån er 993 mill. kr (19,6 %) utlån til næringsverksemd og 4.082 mill. kr (80,4 %) til personmarknaden. Lån til personmarknaden som er overført til EBK utgjer ved utgangen av 1. kvartal 577 mill. kr. Det gjev ein overføringsgrad av PM-lån til EBK på 12,4 % mot 10,3 % i 2022. Dette utgjer 10,2 % (8,5 %) av samla utlån. Den låge overføringsgraden gjev banken eit godt potensiale til vidare vekst og tilgang til likviditet gjennom auka bruk av EBK.

## LIKVIDITET

Likviditeten i kvartalet har vore god gjennom stabile innskot, moglegheit for bruk av Eika Boligkreditt, og også tilgang til finansiering i obligasjonsmarknaden. Banken har pr. 1. kvartal uteståande obligasjonsgjeld på 1.033 mill. kr mot 956 mill. kr ved utgangen av 1. kvartal 2022. Sjå note 8 for nærare detaljar. Ved utgangen av 1. kvartal rapporterer banken godt over minstekrava for likviditetsindikatorane med LCR 846 % og NSFR 135 %.

## EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Banken har ein kapitaldekningsprosent på 23,52 % ved utgangen av 1. kvartal mot 21,42 % på tilsvarende tidspunkt i fjor. Netto ansvarleg kapital i banken er 656,7 mill. kr, mot 624,3 mill. kr same periode i fjor.

Kjernekapitalen til banken er 596,7 mill. kr, medan banken sin reine kjernekapital er 546,7 mill. kr ved kvartalsskiftet. Dette gjev ei kjernekapitaldekning på 21,37 % (19,37 % i 1. kv. 2022) og ei rein kjernekapitaldekning på 19,58 % (17,99 % i 1. kv. 2022) av berekningsgrunnlaget. Uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 9,9 % ved utgangen av 1. kvartal 2023 mot 9,8 % på tilsvarende tidspunkt i fjor.

Overskotet til no i år er ikkje teke med i berekningane av kapitaldekning. Utbyttet som generalforsamlinga i banken vedtok på generalforsamliga 26. april 2023 på NOK 10,50 per aksje er heller ikkje teke med i berekningane av kapitaldekning.

Banken har fått fastsett pilar 2-krav frå Finanstilsynet pr. 30. april 2022 på 2,0 %. Dette var i tråd med banken sine forventningar.

Frå 01.01.2018 rapporterer banken konsolidert kapitaldekning der ein tek omsyn til banken sine eigarandelar i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Banken si konsoliderte kapitaldekning er 23,20 % ved utgangen av 1. kvartal, medan konsolidert kjernekapitaldekning og rein kjernekapitaldekning er på høvesvis 21,04 % og 19,26 %. Konsolidert uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 9,54 %.

### REVISJON

Kvartalsrekneskapa er ikkje fullstendig revidert.

### UTSIKTENE FOR 2023

Styret meiner at banken med si solide basisdrift og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken har klart å styrke kjernedrifta dei siste åra gjennom bevisst satsing på kvalitetsmessig vekst, vekst i andre inntekter og kostnadsreduksjonar. Utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt styrker banken sitt inntektsgrunnlag.

Den vedvarande krigen i Ukraina kombinert med ei energiutfordring i Europa har ført til auka usikkerheit. Inflasjonen har bite seg fast på eit svært høgt nivå, og kombinert med stigande renter er dette venta å føre til eit lågare aktivitetsnivå frametter. Banken har teke omsyn til dette i vurderingane av nedskrivningane på utlån. Vurderingane er gjort i samsvar med krava under IFRS 9.

Norges Bank har i det siste året lyfta styringsrenta rekordraskt, og det er venta vidare oppgang i dei neste rentemøta. Høgare renter vil påverke aktiviteten og investeringane framover.

Banken har dei siste åra hatt ein konservativ risikoprofil når det gjeld forvaltningsmandat i sine verdipapirplasseringar, og dette har sikra banken låg risiko for tap i portefølja.

### FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF I SAMSVAR MED VERDIPAPIRHANDELLOVA

Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapa for 1. kvartal 2023 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gjev eit rettvisande bilete av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapa, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Administrerande banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

Voss, 9. mai 2023

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

  
Stein Kvarekvål  
Styreleiar

  
Olav Seim

  
Hege Solbakken

  
Kathrine Løno Lahlum  
Nestleiar

  
Solfrid Dagestad Midttun  
Tilsette sin repr.

  
Stig Gunnar Røthe  
Adm. banksjef

<b>Resultat - Konsern</b>				1. kvartal	1. kvartal	Året
<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>				31.3.23	31.3.22	31.12.22
Note	2023	2022				
				62.966	35.582	174.782
				0	0	0
				32.666	10.826	65.446
				<b>30.301</b>	<b>24.756</b>	<b>109.336</b>
				4.032	3.668	17.121
				576	595	2.221
				0	55	4.571
Note 7				2.660	-2.010	2.692
				1.100	0	466
				<b>7.216</b>	<b>1.118</b>	<b>22.630</b>
				7.834	6.360	24.245
				9.319	7.321	33.957
				380	395	1.528
				<b>17.533</b>	<b>14.077</b>	<b>59.730</b>
				<b>19.984</b>	<b>11.798</b>	<b>72.236</b>
Note 5				1.240	845	1.731
				<b>18.743</b>	<b>10.952</b>	<b>70.505</b>
				4.683	2.645	16.310
				<b>14.060</b>	<b>8.307</b>	<b>54.195</b>
<i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i>						
Note 7				-789	3.556	5.980
				<b>-789</b>	<b>3.556</b>	<b>5.980</b>
				0	113	125
				0	-1.267	0
				0	289	-31
				<b>0</b>	<b>-865</b>	<b>94</b>
				0		
				<b>13.271</b>	<b>11.852</b>	<b>60.269</b>
				<b>5,80</b>	<b>3,74</b>	<b>23,60</b>
<b>Resultat etter skatt</b>						
				12.705		52.012
				1.272		2.234
				83		-51
<i>Totalresultat</i>						
				11.916		58.086
				1.272		2.234
				83		-51
<b>Resultat - Morbank</b>						
<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>				1. kvartal	1. kvartal	Året
Note	2023	2022		31.3.23	31.3.22	31.12.22
				62.983	35.582	174.787
				0	0	-200
				32.666	10.826	65.246
				<b>30.317</b>	<b>24.756</b>	<b>109.341</b>
				4.032	3.668	17.121
				576	595	2.221
				0	55	4.571
Note 7				2.660	-2.010	2.692
				0	0	17
				<b>6.116</b>	<b>1.118</b>	<b>22.181</b>
				7.327	6.360	24.066
				8.972	7.321	33.570
				367	395	1.516
				<b>16.666</b>	<b>14.077</b>	<b>59.152</b>
				<b>19.767</b>	<b>11.798</b>	<b>72.370</b>
Note 5				1.240	845	1.731
				<b>18.527</b>	<b>10.952</b>	<b>70.639</b>
				4.635	2.645	16.339
				<b>13.892</b>	<b>8.307</b>	<b>54.300</b>
<i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i>						
Note 7				-789	3.556	5.980
				<b>-789</b>	<b>3.556</b>	<b>5.980</b>
				0	-14	125
				0	3	-31
				<b>0</b>	<b>-11</b>	<b>94</b>
				<b>13.103</b>	<b>11.852</b>	<b>60.374</b>
				<b>5,73</b>	<b>3,74</b>	<b>23,63</b>

<b>Balanse - Eignelutar - Konsern</b>				
<i>Tal i tusen kroner</i>				
	Note	31.3.23	31.3.22	31.12.22
Kontantar og kontantekvivalentar		77.428	78.491	76.809
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		206.319	61.116	149.017
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	Note 4 og 5	3.755.528	3.631.906	3.740.093
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	Note 4 og 5	1.289.403	1.313.468	1.322.257
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	Note 7	550.706	532.642	549.012
Varige driftsmiddel		17.033	17.431	17.006
Andre eignelutar		8.493	4.829	6.360
<b>Sum eignelutar</b>		<b>5.904.911</b>	<b>5.639.882</b>	<b>5.860.553</b>

<b>Balanse - Gjeld og eigenkapital - Konsern</b>				
<i>Tal i tusen kroner</i>				
	Note	31.3.23	31.3.22	31.12.22
Innlån frå kredittinstitusjonar		59	20	24
Innskot frå kundar		4.096.178	3.958.662	4.070.793
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	Note 8	1.033.184	956.303	989.974
Anna gjeld		21.723	25.499	28.960
Forpliktingar ved skatt		13.590	6.088	16.533
Andre avsetningar		495	342	463
Ansvarleg lånekapital	Note 8	60.103	60.075	60.109
<b>Sum gjeld</b>		<b>5.225.332</b>	<b>5.006.989</b>	<b>5.166.855</b>
Innskoten eigenkapital		58.014	58.014	58.014
Opptent eigenkapital		557.218	526.451	559.371
Fondsobligasjonskapital		50.194	40.121	76.313
Perioden sitt resultat etter skatt		13.978	8.307	
Ikkje kontrollerte eigarinteresser		176	0	0
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>679.579</b>	<b>632.893</b>	<b>693.698</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>		<b>5.904.911</b>	<b>5.639.882</b>	<b>5.860.553</b>

<b>Balanse - Eignelutar - Morbank</b>				
<i>Tal i tusen kroner</i>				
	Note	31.3.23	31.3.22	31.12.22
Kontantar og kontantekvivalentar		77.428	78.491	76.809
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		206.319	61.116	149.017
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	Note 4 og 5	3.755.528	3.631.906	3.740.516
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	Note 4 og 5	1.289.986	1.313.468	1.322.257
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	Note 7	550.859	532.642	549.165
Varige driftsmiddel		16.703	17.431	16.660
Andre eignelutar		7.191	4.829	5.931
<b>Sum eignelutar</b>		<b>5.904.014</b>	<b>5.639.882</b>	<b>5.860.355</b>

<b>Balanse - Gjeld og eigenkapital - Morbank</b>				
<i>Tal i tusen kroner</i>				
	Note	31.3.23	31.3.22	31.12.22
Innlån frå kredittinstitusjonar		59	20	24
Innskot frå kundar		4.096.234	3.958.662	4.074.831
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	Note 8	1.033.184	956.303	989.974
Anna gjeld		20.993	25.499	24.760
Forpliktingar ved skatt		13.572	6.088	16.533
Andre avsetningar		495	342	463
Ansvarleg lånekapital	Note 8	60.103	60.075	60.109
<b>Sum gjeld</b>		<b>5.224.641</b>	<b>5.006.989</b>	<b>5.166.693</b>
Innskoten eigenkapital		58.014	58.014	58.014
Opptent eigenkapital		557.274	526.451	559.335
Fondsobligasjonskapital		50.194	40.121	76.313
Perioden sitt resultat etter skatt		13.892	8.307	0
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>679.374</b>	<b>632.893</b>	<b>693.662</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>		<b>5.904.014</b>	<b>5.639.882</b>	<b>5.860.355</b>

Voss, 9. mai 2023

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

  
Stein Kvarekvål  
Styreleiar

  
Olav Seim

  
Hege Solbakken

  
Kathrine Løno Lahlum  
Nestleiar

  
Solfrid Dagestad Midttun  
Tilsette sin repr.

  
Stig Gunnar Røthe  
Adm. banksjef

## EIGENKAPITALOPPSTILLING - KONSERN

Tal i tusen kroner	Innskoten egenkapital				Opptent egenkapital			Sum egenkapital
	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Fonds-obligasjon	Fond for urealiserte vinster	Annan opptent egenkapital	Ikkje-kontrollerande eigarinteresser	
<b>Eigenkapital 31.12.2022</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>76.313</b>	<b>33.401</b>	<b>525.877</b>	<b>93</b>	<b>693.698</b>
Resultat etter skatt				1.272	-128	12.833	83	14.060
Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi					-789			-789
Utlån kundar til verkeleg verdi								0
Skatt på utlån til verkeleg verdi								0
<b>Totalresultat 31.03.2023</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1.272</b>	<b>-917</b>	<b>12.833</b>	<b>83</b>	<b>13.271</b>
Transaksjonar med eigarane								0
Utbetalte renter hybridkapital				-1.391				-1.391
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-26.000				-26.000
Utbetalt utbytte								0
<b>Eigenkapital 31.03.2023</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>50.194</b>	<b>32.484</b>	<b>538.711</b>	<b>176</b>	<b>679.579</b>
<b>Eigenkapital 31.12.2021</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>40.108</b>	<b>28.020</b>	<b>495.321</b>		<b>621.464</b>
Resultat etter skatt				436	-128	7.999		8.307
Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi					3.556			3.556
Renteberande verdipapir til verkeleg verdi								0
Utlån kundar til verkeleg verdi					-14			-14
Skatt på renteberande verdipapir og utlån til verkeleg verdi					3			3
<b>Totalresultat 31.03.2022</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>436</b>	<b>3.417</b>	<b>7.999</b>		<b>11.852</b>
Transaksjonar med eigarane								0
Utbetalte renter hybridkapital				-423				-423
Skatt på renter hybridkapital direkte mot EK								0
Endring egne aksjar								0
Utbetalt utbytte								0
<b>Eigenkapital 31.03.2022</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>40.121</b>	<b>31.437</b>	<b>503.320</b>		<b>632.893</b>
<b>Eigenkapital 31.12.2021</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>40.108</b>	<b>28.020</b>	<b>495.321</b>		<b>621.464</b>
Resultat etter skatt				2.234	-512	52.524	-51	54.195
Vinst sal eigenkapitalinstrument						181		181
Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi					5.799			5.799
Utlån kundar til verkeleg verdi					125			125
Skatt på renteberande verdipapir og utlån til verkeleg verdi					-31			-31
<b>Totalresultat 31.12.2022</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2.234</b>	<b>5.380</b>	<b>52.705</b>	<b>-51</b>	<b>60.268</b>
Transaksjonar med eigarane							147	147
Stiftingskostnad dotterselskap						-3	-3	-6
Utbetalte renter hybridkapital				-2.029				-2.029
Utferding av ny fondsobligasjon				50.000				50.000
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-14.000				-14.000
Utbetalt utbytte						-22.147		-22.147
<b>Eigenkapital 31.12.2022</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>76.313</b>	<b>33.401</b>	<b>525.877</b>	<b>93</b>	<b>693.698</b>

## EIGENKAPITALOPPSTILLING - MORBANK

Tal i tusen kroner	Innskoten egenkapital				Opptent egenkapital		
	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Fonds-obligasjon	Fond for urealiserte vinster	Annan opptent egenkapital	Sum egenkapital
<b>Eigenkapital 31.12.2022</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>76.313</b>	<b>33.401</b>	<b>525.933</b>	<b>693.662</b>
Resultat etter skatt				1.272	-128	12.748	13.892
Vinst sal egenkapitalinstrument							0
Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi					-789		-789
Utlån kundar til verkeleg verdi							0
Skatt på utlån til verkeleg verdi							0
<b>Totalresultat 31.03.2023</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1.272</b>	<b>-917</b>	<b>12.748</b>	<b>13.102</b>
Utbetalte renter hybridkapital				-1.391			-1.391
Utferding av ny fondsobligasjon							0
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-26.000			-26.000
Utbetalt utbytte							0
<b>Eigenkapital 31.03.2023</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>50.194</b>	<b>32.484</b>	<b>538.682</b>	<b>679.374</b>
<b>Eigenkapital 31.12.2021</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>40.108</b>	<b>28.020</b>	<b>495.321</b>	<b>621.464</b>
Resultat etter skatt				436	-128	7.999	8.307
Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi					3.556		3.556
Renteberande verdipapir til verkeleg verdi							0
Utlån kundar til verkeleg verdi					-14		-14
Skatt på renteberande verdipapir og utlån til verkeleg verdi					3		3
<b>Totalresultat 31.03.2022</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>436</b>	<b>3.417</b>	<b>7.999</b>	<b>11.852</b>
Utbetalte renter hybridkapital				-423			-423
Endring egne aksjar							0
Utbetalt utbytte							0
<b>Eigenkapital 31.03.2022</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>40.121</b>	<b>31.437</b>	<b>503.320</b>	<b>632.893</b>
<b>Eigenkapital 31.12.2021</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>40.108</b>	<b>28.020</b>	<b>495.321</b>	<b>621.464</b>
Resultat etter skatt				2.234	-512	52.578	54.300
Vinst sal egenkapitalinstrument						181	181
Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi					5.799		5.799
Utlån kundar til verkeleg verdi					125		125
Skatt på renteberande verdipapir og utlån til verkeleg verdi					-31		-31
<b>Totalresultat 31.12.2022</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2.234</b>	<b>5.380</b>	<b>52.759</b>	<b>60.373</b>
Utbetalte renter hybridkapital				-2.029			-2.029
Utferding av ny fondsobligasjon				50.000			50.000
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-14.000			-14.000
Utbetalt utbytte						-22.147	-22.147
<b>Eigenkapital 31.12.2022</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>76.313</b>	<b>33.401</b>	<b>525.933</b>	<b>693.662</b>

## KONTANTSTRÅUMOPPSTILLING - KONSERN

<i>Tal i tusen kroner</i>	1. kvartal 2023	1. kvartal 2022
<b>Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>		
Netto utbetaling av lån til kunder	16.104	57.664
Renteinnbetalinger på utlån til kunder	61.880	35.444
Netto inn-/utbetaling av innskot frå kunder	21.374	-11.565
Renteutbetalinger på innskot frå kunder	-21.641	-5.917
Netto inn-/utbetaling av lån frå kredittinstitusjonar/innskot i kredittinstitusjonar	35	-3
Renteutbetalinger på gjeld til kredittinstitusjonar/renteinnbetalinger på innskot kredittinstitusjonar	1.087	137
Endring sertifikat og obligasjonar	0	0
Renteinnbetalinger på sertifikat og obligasjonar	0	0
Netto provisjonsinnbetalinger	4.135	3.073
Verdiendring på finansielle instrument og valuta	177	83
Netto inn-/utbetaling kortsiktige investeringar i verdipapir	0	0
Utbetalinger til drift	-22.014	-20.894
Betalt skatt	-7.596	-2.725
<b>A Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktiviteter</b>	<b>53.540</b>	<b>55.296</b>
<b>Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar</b>		
Netto investering i varige driftsmidler	-408	-163
Netto investering i langsiktige verdipapir	0	-24.092
Utbytte frå langsiktige investeringar i aksjar	0	55
<b>B Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitet</b>	<b>-408</b>	<b>-24.200</b>
<b>Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar</b>		
Inntbetaling ved utferding stifta ved utferding av verdipapir	75.000	50.000
Utbetaling ved forfall verdipapirgjeld	-26.000	-150.000
Renteutbetalinger på gjeld stifta ved utferding av verdipapir	-16.058	-4.095
Utbetaling ved forfall lån fra kredittinstitusjonar	0	0
Renter på gjeld til kredittinstitusjonar	0	0
Netto inn-/utbetaling ved utferding/forfall ansvarlege lån	0	0
Innbetaling ved utstedelse av ansvarlig lån	0	0
Utbetaling ved forfall ansvarlig lån	0	0
Renteutbetalinger på ansvarlege lån	-761	-386
Innbetaling ved utstedelse av fondsobligasjonskapital	0	0
Utbetaling ved forfall av fondsobligasjonskapital	-26.000	0
Renter på fondsobligasjon	-1.391	-423
Kjøp og salg av egne aksjer	0	0
Utbetalinger fra gavefond	0	0
Emisjon av aksjar	0	0
Utbytte til aksjeeigarane	0	0
<b>C Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitet</b>	<b>4.790</b>	<b>-104.904</b>
<b>A + B + C Netto endring likvidar i perioden</b>	<b>57.922</b>	<b>-73.808</b>
Likviditetsbeholdning 1.1	225.826	213.414
<b>Likviditetsbeholdning 31.03</b>	<b>283.747</b>	<b>139.607</b>
<b>Likvidetsbeholdning spesifisert:</b>		
Kontantar og kontantekvivalentar	77.428	78.491
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	206.319	61.116
<b>Likviditetsbeholdning</b>	<b>283.747</b>	<b>139.607</b>

## NOTE 1 - GENERELL INFORMASJON

---

Banken har frå 4. kvartal 2022 konsolidert inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eigd 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS. Aktiv Voss AS fekk konsesjon for eigedomsmekling 8.9.2022, og opna Aktiv eigedomsmeklar kontor på Voss i Skulegata 2 den 29.10.2022.

Den vedvarande krigen i Ukraina fører til usikkerheit, og prisen på innsatsfaktorar har auka monaleg. Inflasjonen og renta har stige kraftig. Dette fører til auka usikkerheit i verdensøkonomien, sjølv om me merkar lite til dette lokalt enno.

Banken med si fordeling 80 % PM og 20 % BM, med ei godt diversifisert BM-portefølje og ein solid kapitalsituasjon har gode føresetnader til å stå imot auka usikkerheit og å kunne vekse vidare.

### *Utlån med statsgaranti frå Eksportfinansiering Norge (Eksfin)*

Dette er ei låneordning som staten har innført for å hjelpe bedrifter som står i ei akutt likviditetskrise som fylgje av direkte eller indirekte verknader av Covid-19. Ordninga er basert på at det er bankane som skal administrere den og syte for at vilkår i lov og forskrift er oppfylt. Statleg garanterte lån under ordninga inneber at staten garanterer for 90 % av banklån til bedrifter som kvalifiserer under ordninga. Vekselbanken har fått tildelt ei ramme på 148,3 mill. kr under ordninga, og har pr. utgangen av 1. kvartal innvilga lån for 32,1 mill. kr fordelt på 16 lån.

## NOTE 2 - REKNESKAPSPRINSIPP OG -ESTIMAT

---

### *Rekneskapsprinsipp*

Kvartalsrekneskapen omfattar perioden 01.01.2023 - 31.03.2023. Kvartalsrekneskapen er utarbeida i samsvar med IFRS-delårsrapportering.

Delårsrekneskapane er ureviderte. Føreliggjande kvartalsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande standardar under IFRS og IFRIC-fortolkningar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap, og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2022.

Covid-19-situasjonen og etterfylgjande krig i Ukraina førte til ein vesentleg og rask endring i kredittrisikoen for banken sin portefølje. Uvisse knytt til dette, gjorde det naudsynt å gjera ein justering på porteføljnivå for forventa tap.

### *Viktige rekneskapsestimat og skjønnsmessige vurderingar*

Utarbeiding av rekneskapen medfører at leiinga gjer estimat og skjønnsmessige vurderingar og tek føresetnader som påverkar effekten av bruken av rekneskapsprinsipp og dermed rekneskapsførte beløp for eignelutar, forpliktingar, inntekter og kostnader. I årsrekneskapen for 2022 er det gjort nærare greie for kritiske estimat og vurderingar vedrørende bruk av rekneskapsprinsipp. Estimata og skjønnsmessige vurderingar vert løpande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert sett på som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnader og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønnsmessige vurderingane som er nytta.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er oppgjeve. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

### **Nedskrivningar på utlån**

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, vert det gjort berekningar for å fastsetja verdien på kvart enkelt utlån eller på grupper av utlån. Berekningane føreset at det vert nytta storleikar som er basert på vurderingar, og desse påverkar igjen dei berekna verdiane. Nedskrivingsvurderingar vert gjennomførte kvart kvartal. Prosessen med individuelle og gruppevise vurderingar ifm. nedskrivningar i steg 3, har ikkje vorte endra som følgje av covid-19.

### **Nedskrivningar i steg 1 og 2**

Engasjement som ikkje er vorte individuelt nedskrivne, inngår i berekning av statistiske nedskrivningar (IFRS 9-nedskrivningar) på utlån og garantiar. Nedskrivning vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper. Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt på det berekna nedskrivingsbehovet på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, herunder sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling. Sjå note om generelle rekneskapsprinsipp i årsrapport for 2022 for ei skildring av nedskrivingsmodellen under IFRS 9, samt omtale av vesentleg auke i kredittrisiko og kriteria for overgang til steg 2. Betalingslettingar gjeve som konsekvens av covid-19-situasjonen, har ikkje automatisk ført til forbearancemarkering eller overgang til steg 2.

Uvisse knytt til estimata fører til at det har vore naudsynt å nytta vesentleg meir skjønn og gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivningar på utlån. Dei modellberekna nedskrivningane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for situasjonen som har oppstått, med vesentleg svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med det som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivingsmodellen.

Banken har berekna nedskrivningar i steg 1 og steg 2 for kredittporteføljen, på grunnlag av kor utsette dei ulike segmenta og bransjane er innafor banken sine engasjement. Nedskrivningane for engasjement innafor ulike segment og bransjar vert tilført ein justeringsfaktor i prosent avhengig av risikograd. Det er teke omsyn til støtteordningar frå staten i vurderingane av justeringsfaktorar for dei ulike segmenta og bransjane. Justeringsfaktoren vert multiplisert med banken si eksponering innan ulike segment og bransjar.

Dei berekna nedskrivingsbeløpa etter risiko og eksponering, vert så lagt til dei modellberekna nedskrivningane.

Nedskrivningar på utlån til bedriftsmarknaden i steg 1 og steg 2 er redusert med 0,2 mill. kr samanlikna med utgangen av fjoråret.

Nedskrivningar på utlån til personmarknaden i steg 1 og steg 2 har auka med 0,2 mill. kr samanlikna med utgangen av fjoråret.

Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 5.

### Verkeleg verdi for finansielle instrument

For verdsetjinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3 (sjå note 7).

## NOTE 3 - KREDITTFORRINGA ENGASJEMENT

### Misleghald over 90 dagar

	1. kvartal 2023	1. kvartal 2022	Året 2022
Brutto misleghelde engasjement - personmarknaden	18.534	20.754	18.485
Brutto misleghelde engasjement - bedriftsmarknaden	1.785	0	1.780
Nedskrivningar i steg 3	-9.492	-10.757	-8.625
<b>Netto misleghelde engasjement</b>	<b>10.828</b>	<b>9.997</b>	<b>11.640</b>

### Andre kredittforringa

	1. kvartal 2023	1. kvartal 2022	Året 2022
Brutto andre kredittforringa engasjement - personmarknaden	10.688	14.252	10.759
Brutto andre kredittforringa engasjement - bedriftsmarknaden	24.950	29.234	24.994
Nedskrivningar i steg 3	-11.741	-12.048	-11.307
<b>Netto andre kredittforringa engasjement</b>	<b>23.897</b>	<b>31.438</b>	<b>24.446</b>

## NOTE 4 - FORDELING UTLÅN KUNDAR

### Utlån til kundar fordelt på sektorar og næringar

	1. kvartal 2023	1. kvartal 2022	Året 2022
Landbruk	34.213	34.214	34.559
Industri	31.264	74.496	31.190
Bygg, anlegg	65.860	65.546	66.945
Varehandel	68.106	71.200	72.850
Transport	23.029	21.701	19.100
Eigedomsdrift etc	623.430	602.318	629.680
Annan næring	146.881	109.296	168.004
<b>Sum næring</b>	<b>992.782</b>	<b>978.772</b>	<b>1.022.328</b>
Personkundar	4.081.964	3.997.910	4.068.362
<b>Brutto utlån</b>	<b>5.074.746</b>	<b>4.976.682</b>	<b>5.090.690</b>
Steg 1 nedskrivningar	-2.645	-2.613	-2.861
Steg 2 nedskrivningar	-5.356	-5.924	-5.130
Steg 3 nedskrivningar	-21.231	-22.771	-19.927
<b>Netto utlån til kundar</b>	<b>5.045.514</b>	<b>4.945.374</b>	<b>5.062.773</b>
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	577.281	461.267	542.188
<b>Totale utlån inkl. portefølja i EBK</b>	<b>5.622.796</b>	<b>5.406.642</b>	<b>5.604.961</b>

## NOTE 5 - Nedskrivningar, tap, finansiell risiko - morbank

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kunder, unyttede kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på misleghaldssannsyn (PD) på innrekningstidpunktet samanlikna med misleghaldssannsyn på balansedagen. Fordeling mellom steg vert føreteke for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i perioden sine nedskrivningar og brutto balanseførte utlån, garantiar og unyttede trekkrettar for kvart steg, og inkluderer fylgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittisiko, frå 12 månader venta kredittap i steg 1 til kredittap over venta levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utferding av nye utlån, unyttede kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivningar ved frårekning av utlån, unyttede kredittar og garantiar.
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldast endringar i inputvariablar, berekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskonterings.

31.03.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på utlån til kundar - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2022	111	1.537	9.395	11.043
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	25	-143	0	-118
Overføringer til steg 2	-45	493	0	448
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nedskrivningar på nye utlån utbetalt i året	23	2	16	41
Utlån som er frårekna i perioden	-49	-177	-170	-396
Konstaterte tap				0
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-14	26	867	879
Andre justeringar	59	1	96	156
<b>Nedskrivningar personmarknaden pr. 31.03.2023</b>	<b>110</b>	<b>1.739</b>	<b>10.204</b>	<b>12.052</b>

31.03.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2022	3.833.915	205.260	29.187	4.068.362
Overføringer mellom steg:				0
Overføringer til steg 1	30.610	-30.610	0	0
Overføringer til steg 2	-121.368	121.368	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nye utlån utbetalt	425.528	45	2.752	428.324
Utlån som er frårekna i perioden	-387.937	-22.987	-3.798	-414.723
Konstaterte tap				0
<b>Brutto utlån til personmarknaden pr. 31.03.2023</b>	<b>3.780.748</b>	<b>273.075</b>	<b>28.141</b>	<b>4.081.964</b>

31.03.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på utlån til kundar - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2022	2.750	3.591	10.526	16.868
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	20	-299	0	-279
Overføringer til steg 2	-89	323	0	235
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nedskrivningar på nye utlån utbetalt i året	85	-221	1	-136
Utlån som er frårekna i perioden	-195	-315	-63	-573
Konstaterte tap				0
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-61	82	562	583
Andre justeringar	26	456	0	482
<b>Nedskrivningar bedriftsmarknaden pr. 31.03.2023</b>	<b>2.535</b>	<b>3.617</b>	<b>11.027</b>	<b>17.179</b>

31.03.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2022	839.197	156.778	26.353	1.022.328
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	13.580	-13.580	0	0
Overføringer til steg 2	-23.362	23.362	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nye utlån utbetalt	32.274	0	0	32.275
Utlån som er frårekna i perioden	-27.869	-33.923	-28	-61.820
Konstaterte tap				0
<b>Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 31.03.2023</b>	<b>833.820</b>	<b>132.637</b>	<b>26.325</b>	<b>992.782</b>

31.03.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på unyttå kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2022	261	197	3	461
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	2	-10	0	-7
Overføringer til steg 2	-4	4	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nedskrivningar på nye kredittar og garantiar	51	164	0	215
Nedskrivningar på unyttå kredittar og garantiar som er frårekna i perioden	-34	-43	-3	-79
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-107	6	0	-101
Andre justeringar	4	0	2	6
<b>Nedskrivningar pr. 31.03.2023</b>	<b>174</b>	<b>319</b>	<b>2</b>	<b>495</b>

31.03.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unyttå kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2022	272.809	24.537	8	297.355
Overføringer mellom steg:				0
Overføringer til steg 1	910	-910	0	0
Overføringer til steg 2	-873	873	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nye/endra unyttå kredittar og garantiar	18.104	0	0	18.104
Engasjement som er frårekna i perioden	-558	7.590	58	7.090
<b>Brutto uteståande engasjement pr. 31.03.2023</b>	<b>290.393</b>	<b>32.090</b>	<b>66</b>	<b>322.549</b>

Nedskrivningar i steg 3 på utlån og garantiar	31.03.2023	31.03.2022
Nedskrivningar ved starten av perioden		19.931
Auka nedskrivningar i perioden		1.300
Nye nedskrivningar i perioden		230
Tilbakeføring av nedskrivningar frå tidligare periodar		
Konstaterte tap på lån som tidligare er nedskrivne		
<b>Nedskrivningar steg 3 ved slutten av perioden</b>	<b>21.231</b>	<b>22.771</b>

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	31.03.2023	31.03.2022	31.12.2022
Endring i perioden i steg 3 på utlån	1.300	505	-2.315
Endring i perioden i steg 3 på garantiar	-3	24	
Endring i perioden i forventa tap steg 1 og 2	-12	326	301
Konstaterte tap i perioden, der det tidligare er føreteke nedskrivningar i steg 3	1		4.344
Konstaterte tap i perioden, der det ikkje er føreteke nedskrivningar i steg 3			
Perioden sin inngang på tidligare periodar sine nedskrivningar	-46	-10	-599
<b>Tapskostnader i perioden</b>	<b>1.240</b>	<b>845</b>	<b>1.731</b>

## NOTE 6 - SEGMENTINFORMASJON - MORBANK

RESULTAT	1. kvartal		2023	
	PM	BM	Ufordelt	Total
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>28.866</b>	<b>13.451</b>	<b>-12.000</b>	<b>30.317</b>
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			0	0
Netto provisjonsinntekter			3.456	3.456
Netto verdiendring verdipapir			2.660	2.660
Andre inntekter			0	0
<b>Sum andre driftsinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>6.116</b>	<b>6.116</b>
Løn og andre personalkostnader			7.327	7.327
Avskrivningar på driftsmidler			367	367
Andre driftskostnader			8.972	8.972
<b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>16.666</b>	<b>16.666</b>
Tap på utlån	1.002	239		1.240
Vinst aksjar				0
<b>Driftsresultat før skatt</b>	<b>27.864</b>	<b>13.212</b>	<b>-22.549</b>	<b>18.527</b>
<b>BALANSE</b>	<b>PM</b>	<b>BM</b>	<b>Ufordelt</b>	<b>Total</b>
Brutto utlån og fordringar på kundar	4.081.964	992.782		5.074.746
Innskot frå kundar	3.179.007	917.227		4.096.234

Banken utarbeidar rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Personkundar som vert fylgd opp av bedriftskundeavdelinga inngår i bedriftsmarknaden. Etter banken si vurdering, forelegg det ikkje vesentlege skilnader i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovudmarknadane til banken.

Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gjev lite tilleggsinformasjon.

RESULTAT	1. kvartal		2022	
	PM	BM	Ufordelt	Total
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>21.282</b>	<b>9.282</b>	<b>-5.808</b>	<b>24.756</b>
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			55	55
Netto provisjonsinntekter			3.073	3.073
Netto verdiendring verdipapir			-2.010	-2.010
Andre inntekter			0	0
<b>Sum andre driftsinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1.118</b>	<b>1.118</b>
Løn og andre personalkostnader			6.360	6.360
Avskrivningar på driftsmidler			395	395
Andre driftskostnader			7.321	7.321
<b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>14.077</b>	<b>14.077</b>
Tap på utlån	843	3		845
Vinst aksjar				0
<b>Driftsresultat før skatt</b>	<b>20.439</b>	<b>9.279</b>	<b>-18.767</b>	<b>10.952</b>
<b>BALANSE</b>	<b>PM</b>	<b>BM</b>	<b>Ufordelt</b>	<b>Total</b>
Brutto utlån og fordringar på kundar	3.984.068	961.306		4.945.374
Innskot frå kundar	2.973.685	984.977		3.958.662

RESULTAT	2022			
	PM	BM	Ufordelt	Total
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>95.266</b>	<b>45.025</b>	<b>-30.950</b>	<b>109.341</b>
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			4.571	4.571
Netto provisjonsinntekter			14.901	14.901
Netto verdiendring verdipapir			2.692	2.692
Andre inntekter			17	17
<b>Sum andre driftsinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>22.181</b>	<b>22.181</b>
Løn og andre personalkostnader			24.066	24.066
Avskrivningar på driftsmidler			1.516	1.516
Andre driftskostnader			33.570	33.570
<b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>59.152</b>	<b>59.152</b>
Tap på utlån	726	1.005		1.731
Vinst aksjar				0
<b>Driftsresultat før skatt</b>	<b>94.540</b>	<b>44.020</b>	<b>-67.921</b>	<b>70.639</b>
<b>BALANSE</b>	<b>PM</b>	<b>BM</b>	<b>Ufordelt</b>	<b>Total</b>
Brutto utlån og fordringar på kundar	4.068.362	1.022.328		5.090.690
Innskot frå kundar	3.137.722	937.109		4.074.831

## NOTE 7 - VERDIPAPIR - KONSERN

31.03.2023				Sum
Verdsetjingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over resultat		449.889		449.889
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader			100.817	100.817
<b>Sum</b>	<b>-</b>	<b>449.889</b>	<b>100.817</b>	<b>550.706</b>
31.03.2022				Sum
Verdsetjingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over resultatet		443.187		443.187
Aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader			89.454	89.454
<b>Sum</b>	<b>-</b>	<b>443.187</b>	<b>89.454</b>	<b>532.642</b>

### Verkeleg verdimålingar og –opplysningar klassifisert etter nivå

I tabellane over er det nytta fylgjande nivåinndeling:

**Nivå 1:** Verdsetjing er fastsett ut frå kvoterte priser i aktive marknader.

**Nivå 2:** Verdsetjing er utleia frå kvoterte prisar, eller berekna marknadsverdiar.

**Nivå 3:** Vurderingar som baserer seg på observerbare marknadsdata. Verdsetjinga av Eika Boligkreditt AS er basert på ei vurdering av eigenkapitalen i selskapet. Verdsetjinga av Eika Gruppen AS tek utgangspunkt i ei verdivurdering av dei einskilde selskapa som inngår i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsetjingsmetodar. Denne verdivurderinga vert vurdert opp imot sist kjende emisjons- og/eller omsetjingskurs, og der det er teke omsyn til banken sine egne vurderingar av hendingar fram til balansedagen. Til saman utgjer desse aksjane 65,6 mill. kroner av totalt 100,8 mill. kroner i nivå 3.

## SPESIFIKASJON AV OBLIGASJONS-, FONDS- OG AKSJEPORTEFØLJE

Renteportefølje	31.03.2023	31.03.2022
<b>Fondsandelar</b>		
DNB Euro. Cov. Bonds	59.481	59.406
DNB OMF	184.716	180.764
DNB Global Treasury	156.424	154.546
DNB Obligasjon 20 E	49.268	48.471
<b>Sum renteportefølje</b>	<b>449.889</b>	<b>443.187</b>

Aksjeportefølje	31.03.2023		31.03.2022	
	Tal aksjar	Bokført verdi	Tal aksjar	Bokført verdi
SDC	2.603	1.599	2.603	1.334
Eika Gruppen	157.633	40.985	146.335	35.486
Eksportfinans	1.050	20.013	1.050	20.013
Eika BoligKreditt	5.741.973	24.661	4.719.819	20.023
Kveik AS	5	5	5	5
Næringshagen Voss	49.500	250	49.500	250
Vossaløysinga	5	5	5	5
Visa C konvertible via VNH1		213	31	365
VN Norge		811		1.387
Eiendomskreditt	8.212	1.000	8.212	1.000
Eika VBB AS	2.243	11.276	1.648	9.586
<b>Sum aksjeportefølje</b>		<b>100.817</b>		<b>89.454</b>

### NOTE 8 - VERDIPAPIRGJELD

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	31.03.2023	Bokført verdi 31.03.2022	31.12.2022	Rente- vilkår
<b>Sertifikat- og obligasjonslån</b>							
NO0010795412	26.05.2017	09.09.2022	150.000	0	150.226	0	3m Nibor + 92 bp
NO0010807928	10.10.2017	10.03.2023	32.000	0	150.204	32.127	3m Nibor + 90 bp
NO0010816085	12.02.2018	12.09.2023	175.000	175.403	175.197	175.403	3m Nibor + 88 bp
NO0010853369	29.05.2019	18.03.2024	150.000	150.203	150.124	150.212	3m Nibor + 70 bp
NO0010873185	16.01.2020	16.01.2025	150.000	151.238	150.432	151.248	3m Nibor + 69 bp
NO0011027005	15.06.2021	15.09.2025	180.000	180.332	180.163	180.319	3m Nibor + 54 bp
NO0012495946	20.04.2022	30.08.2024	175.000	175.646	0	175.646	3m Nibor + 57 bp
NO0012785155	16.12.2022	16.12.2026	125.000	200.363	0	125.248	3m Nibor + 125 bp
Over/underkurs				0	-43	-229	
<b>Sum gjeld ved utferding av verdipapir</b>				<b>1.033.184</b>	<b>956.303</b>	<b>989.974</b>	

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	31.03.2023	Bokført verdi 31.03.2022	31.12.2022	Rente- vilkår
<b>Ansvarleg lånekapital</b>							
NO0010871395	18.12.2019	18.12.2024	60.000	60.103	60.075	60.109	3 mnd. NIBOR + 1,80 %
<b>Sum ansvarleg lånekapital</b>				<b>60.103</b>	<b>60.075</b>	<b>60.109</b>	

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.12.2022	Emitert	Forfalt/ innløyst	Øvrige endringer	Balanse 31.03.2023
Obligasjonsgjeld	989.974	75.000	-26.000	-5.790	1.033.184
<b>Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir</b>	<b>989.974</b>	<b>75.000</b>	<b>-26.000</b>	<b>-5.790</b>	<b>1.033.184</b>
Ansvarlege lån	60.109	0	0	-6	60.103
<b>Sum ansvarleg lån og fondsobligasjoner</b>	<b>60.109</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-6</b>	<b>60.103</b>

## NOTE 9 - KAPITALDEKNING - MORBANK

Kapitaldekning	1. kvartal	1. kvartal	Året
	31.03.2023	31.03.2022	31.12.2022
Opptent egenkapital	524.662	495.014	525.933
Overkursfond	46.995	46.995	46.995
Innbetalt aksjekapital	11.019	11.019	11.019
Fond for urealiserte gevinster	33.401	28.020	33.401
<b>Sum egenkapital</b>	<b>616.077</b>	<b>581.049</b>	<b>617.348</b>
Avsett utbytte	-23.315	-22.316	-23.315
Frådrag for forsvarleg verdsetjing	-4.306	-4.165	-4.290
Frådrag i rein kjernekapital	-41.712	-30.247	-42.372
<b>Rein kjernekapital</b>	<b>546.744</b>	<b>524.319</b>	<b>547.371</b>
Fondsobligasjonar	50.000	40.000	50.000
Frådrag i kjernekapital	0	0	0
<b>Sum kjernekapital</b>	<b>596.744</b>	<b>564.319</b>	<b>597.371</b>
Ansvarleg lånekapital	60.000	60.000	60.000
Frådrag i tilleggskapital	0	0	0
<b>Sum tilleggskapital</b>	<b>60.000</b>	<b>60.000</b>	<b>60.000</b>
	0	0	
<b>Netto ansvarleg kapital</b>	<b>656.744</b>	<b>624.320</b>	<b>657.371</b>
	<b>31.03.2023</b>	<b>31.03.2022</b>	<b>31.12.2022</b>
<b>Eksponeringskategori (vekta verdi)</b>			
Statar	0	0	0
Lokal regional myndigheit	0	0	0
Offentleg eigde føretak	0	0	0
Institusjonar	0	0	91
Føretak	192.827	269.882	212.500
Massemarknad	0	0	0
Pantsikkerheit eigedom	2.083.789	2.102.419	2.055.152
Forfalne engasjement	33.928	45.982	37.424
Høgrisiko engasjement	0	7.423	0
Obligasjonar med fortrinnsrett	0	0	0
Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	41.264	12.223	29.803
Andelar verdipapirfond	40.721	43.246	45.222
Eigenkapitalposisjonar	59.488	55.717	59.617
Øvrige engasjement	126.668	174.103	119.613
CVA-tillegg	0	0	0
<b>Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko</b>	<b>2.578.685</b>	<b>2.710.996</b>	<b>2.559.422</b>
Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	213.566	203.037	213.566
<b>Berekningsgrunnlag</b>	<b>2.792.251</b>	<b>2.914.033</b>	<b>2.772.988</b>
<b>Kapitaldekning i %</b>	<b>23,52 %</b>	<b>21,42 %</b>	<b>23,71 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning</b>	<b>21,37 %</b>	<b>19,37 %</b>	<b>21,54 %</b>
<b>Rein kjernekapitaldekning i %</b>	<b>19,58 %</b>	<b>17,99 %</b>	<b>19,74 %</b>

### Konsolidering av samarbeidande grupper

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportera kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. Banken har ein eigarandel på 0,64 % i Eika Gruppen AS og på 0,41 % i Eika Boligkreditt AS.

	31.03.2023	31.03.2022	31.12.2022
<b>Rein kjernekapital</b>	<b>571.841</b>	<b>543.531</b>	<b>572.250</b>
<b>Kjernekapital</b>	<b>624.827</b>	<b>586.337</b>	<b>625.715</b>
<b>Ansvarleg kapital</b>	<b>688.787</b>	<b>649.867</b>	<b>689.818</b>
<b>Berekningsgrunnlag</b>	<b>2.969.367</b>	<b>3.081.015</b>	<b>2.956.017</b>
<b>Kapitaldekning i %</b>	<b>23,20 %</b>	<b>21,09 %</b>	<b>23,34 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning</b>	<b>21,04 %</b>	<b>19,03 %</b>	<b>21,17 %</b>
<b>Rein kjernekapitaldekning i %</b>	<b>19,26 %</b>	<b>17,64 %</b>	<b>19,36 %</b>
<b>Uvekta kjernekapitalandel i %</b>	<b>9,54 %</b>	<b>9,36 %</b>	<b>9,62 %</b>

## NOTE 10 - AKSJAR

Dei 20 største aksjonærene:

31.03.2023

Namn	Behaldning	Eigarandel
VOSS SPAREBANK	222.050	10,00 %
MP PENSJON PK	87.181	3,93 %
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS	57.149	2,57 %
VPF EIKA EGENKAPITALBEVIS	52.461	2,36 %
BERGEN KOMMUNALE PENSJONSKASSE	47.000	2,12 %
WERGELAND HOLDING AS	37.823	1,70 %
BJØRKEHAGEN AS	36.000	1,62 %
FJORDSYN AS	33.872	1,52 %
PROFOND AS	33.049	1,49 %
METT & GO AS	32.000	1,35 %
FORLAGSHUSET VIGMOSTAD & BJØRKE AS	24.110	1,09 %
FOSSEN HAAKEN	22.222	1,00 %
HAKATAI AS	20.855	0,94 %
JOH RASMUSSEN & RACINE AS	20.000	0,90 %
HASLELUND HOLDING AS	19.994	0,90 %
ANDERS VAKSDAL	18.000	0,81 %
VOSS VEKSEL- OG LANDMANDSBANK ASA	16.796	0,76 %
SLÅPEKROKEN AS	15.040	0,68 %
LIMONE AS	14.727	0,67 %
INGUNN RIO	12.580	0,56 %
<b>Sum 20 største</b>	<b>822.909</b>	<b>36,97 %</b>
Øvrige aksjonærar	1.397.603	63,03 %
<b>Totalt tal aksjar (pålydande kr 5,-)</b>	<b>2.220.512</b>	<b>100,00 %</b>

Antall aksjar: 2.220.512

Aksja si matematiske verdi ved utgangen av 1. kvartal: 285,52

Børskurs ved utgangen av 1. kvartal: 228,00

31.03.2022

Namn	Behaldning	Eigarandel
VOSS SPAREBANK	222.050	10,00 %
MP PENSJON PK	87.181	3,93 %
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS	53.868	2,43 %
VPF EIKA EGENKAPITALBEVIS	52.461	2,36 %
BERGEN KOMMUNALE PENSJONSKASSE	47.000	2,12 %
WERGELAND HOLDING AS	37.823	1,70 %
PROFOND AS	36.521	1,64 %
BJØRKEHAGEN AS	36.000	1,62 %
FJORDSYN AS	33.685	1,52 %
METT & GO AS	30.000	1,35 %
FORLAGSHUSET VIGMOSTAD & BJØRKE AS	24.110	1,09 %
FOSSEN HAAKEN	22.222	1,00 %
HAKATAI AS	20.855	0,94 %
ANDERS VAKSDAL	20.000	0,90 %
JOH RASMUSSEN & RACINE AS	20.000	0,90 %
HASLELUND HOLDING AS	19.994	0,90 %
VOSS VEKSEL- OG LANDMANDSBANK ASA	16.796	0,76 %
SLÅPEKROKEN AS	15.040	0,68 %
LIMONE AS	15.000	0,67 %
INGUNN RIO	12.580	0,56 %
<b>Sum 20 største</b>	<b>823.186</b>	<b>37,07 %</b>
Øvrige aksjonærer	1.397.326	62,93 %
<b>Totalt tal aksjar (pålydande kr 5,-)</b>	<b>2.220.512</b>	<b>100,00 %</b>

Antall aksjar: 2.220.512

Aksja si matematiske verdi ved utgangen av 1. kvartal: 268,99

Børskurs ved utgangen av 1. kvartal: 270,00

## NOTE 11 - HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN

Det har ikkje førekomme hendingar etter utløpet av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller notar til rekneskapen.

## NYKKELTAL - MORBANK

	1. kvartal	1. kvartal	Året
<i>Nykkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert</i>	2023	2022	2022
<b>Resultat</b>			
Kostnader i % av totale inntekter (eskl. VP)	49,35 %	50,58 %	47,60 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	10,23 %	11,04 %	12,00 %
Innskotsmargin hittil i år	1,32 %	0,62 %	1,18 %
Utlånsmargin hittil i år	1,56 %	1,72 %	1,38 %
Netto rentemargin hittil i år	2,09 %	1,77 %	1,90 %
Eigenkapitalavkastning <sup>1</sup>	8,21 %	5,44 %	8,69 %
<sup>1</sup> Basert på resultat av ordinær drift etter skatt, egenkapitalen er justert for hybridkapital			
<b>Balanse</b>			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	19,56 %	19,67 %	20,08 %
Andel lån overført til EBK - berre PM	12,39 %	10,34 %	11,76 %
Innskotsdekning	80,72 %	79,54 %	80,04 %
Innskotsvekst (12mnd)	3,48 %	3,83 %	2,63 %
Utlånsvekst (12 mnd)	1,97 %	3,42 %	1,12 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	3,94 %	5,36 %	4,59 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)	5.882.391	5.666.645	5.757.073
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) inkl. EBK	6.437.432	6.048.295	6.223.530
<b>Nedskrivningar på utlån og misleghald</b>			
Resultatførte tap i % av gjennomsnittleg brutto utlån	0,10 %	0,07 %	0,03 %
Tapsavsetningar i % av brutto utlån	0,58 %	0,63 %	0,55 %
<i>Nykkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert</i>	2023	2022	2022
<b>Soliditet<sup>1</sup></b>			
Rein kjernekapitaldekning	19,26 %	17,64 %	19,36 %
Kjernekapitaldekning	21,04 %	19,03 %	21,17 %
Kapitaldekning	23,20 %	21,09 %	23,34 %
Uvekta kjernekapitalandel	9,54 %	9,36 %	9,62 %
<sup>1</sup> Inklusiv konsolidering av samarbeidsgrupper			
<b>Likviditet</b>			
LCR	846	340	352
NSFR	135	130	139